Statens vegvesen

BJARTE TAULE
OLSVOLLVEGEN 118
5938 SÆBØVÅGEN

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| Region vest | Tone Bøyum / 55516792 | 18/170640-3 | | 30.08.2018 |

# Løyve – Byggjegrense – Fv. 408 gnr. 74 bnr. 1 i Radøy kommune

Vi viser til søknad av 06.08.2018.

***Vedtak***
Med heimel i veglova §30 og §34, gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 408 for å oppføre hagestue på gnr. 74 bnr. 1 i Radøy kommune.

***Vilkår for dispensasjonen***

1. Tiltaket skal være i tråd med situasjonsplan vedlagt søknaden.
2. Avstanden frå tiltaket (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 408 skal vere minst 15 meter.
3. Dersom tiltaket vil føre til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vere opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging ut på offentleg veg. Siktkrav til eigedomens avkøyrsel må følgjast.
4. Tiltaket må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv T-1442 og T-1520 frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygningen/innretninga ligg nær fv. 408.
7. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år frå dispensasjonen er gitt, viss ikkje fell dispensasjonen bort.

***Bakgrunn for vedtaket***

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Det er søkt om å oppføre ein såkalla hagestue på ein eksisterande terrasse. Tiltaket ligg 15 meter frå vegmidte. Etter ei samla vurdering av forholda på staden finn vi å kunne godkjenne tiltaket som omsøkt.

***Rett til å klage***

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «klage på forvaltningsvedtak». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland Fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest PB. 43 6861 Leikanger / firmapost-vest@vegvesen.no, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Region vest, plan og forvaltning
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER

Veglova §29, §30,
Situasjonsplan


NHdigi.no
N6727183, Ø289298
74/31
74/3
9m
74/30
5990
3675
15m
74/1
74/46
74/1
74/16
N6727083, Ø289228
Data fra Kartverket, Norge Digitalt og Nordhordland digitalt